

Cruiseskipet med mange namn

12.06.2013

MS Minerva, som gikk gjennom Storsundet i går, er eit døme på at eit cruiseskip har eit omskifteleg liv. Skipet, som med sine knapt 13 000 tonn er relativt lite, var opprinneleg sovjetisk - det kom i trafikk like før det store riket braut saman, nærare bestemt i 1989 og då heitte det Okean.

Sidan har det skifta namn og eigarar ein rekkje gongar: Saga Pearl, Explorer 2 og Alexander von Humbolt kom før Minerva.

Skipet, som tek 350 passasjerar og har eit mannskap på 160, er no registrert på Bahamas og opererer over heile verda, også i antarktiske farvatn.

På biletet over er det i Grytviken på Sør-Georgia. Og lite tyder på at det går mot slutten for Minerva sjølv om ho snart fyllar 25 år.

Av Ola Matti Mathisen